



Faggruppe: NAV nye Ålesund
Mandatet er gitt av: Prosjektleder nye Ålesund Astrid Eidsvik og fylkesdirektør i NAV Stein Veland
Versjon dato: 04.04.18

Møte i prosjektgruppa 09.05.18

Til stede:

Ørjan Haram
Torbjørn Fylling
Odd Husøy
Anne Jorunn Søholt
Erik Husby
Kahrine Furland (tillitsvalgt)
Kristina Henriksen (vernetenesta)

Saker til første møte:

1. Bli litt kjent
2. Gjennomgang av mandatet.
3. Møteplan og -steder
4. Fordeling av arbeidsoppgåver knytt til mandatet

Sak 1:

Presentasjonsrunde og deling av kvarandre sine forventningar til korleis det vil være å ta del i prosessen med å utvikle nye NAV Ålesund

Sak 2:

Gjennomgang av mandatet (utsendt i forkant av møtet):

Vi hadde ein gjennomgang av mandatet for å sikre lik forståing av oppdraget, og for å einast om kva vi må gjere først for å kome i gang.

Sak 3:

Møteplan:

Neste møte blir 07.06.18 i NAV Storfjorden, Skodje kl 11.00 – 13.00

Sak 4:

Fordeling av arbeidsoppgåver knytt til mandatet:

Det første som skal gjerast, er å lage eit kartleggingsdokument som skal innehalde følgande oversikt:





Rapport om arbeidmarknadssituasjon og pendlarstrøm, situasjon for prioriterte grupper så som ungdom, innvandrarak og langtidsledige arbeidssøkarar. Sosialhjelpsmottakarar og aktivitetsplikt og kompetanse i det enkelte NAV-kontor i dag.

Vidare:

- Organisasjonsstrukturen per i dag
- Oversikt over tenestetilbodet og brukarar, korleis desse nyttar NAV-tenestene og NAV-kontora
- Samarbeid med nærings- og arbeidsliv i dag
- Identifisere andre samarbeidspartnarar, korleis samarbeid mot andre kommunale tenester: Eks.vis. rus, flyktning, barnevern.

Undersøke aktuelle prosjektmidlar vi kan søke på for å medfinansiere etableringa av NAV nye Ålesund, m.a. støtte til digitalisering av tenester, korleis gammal struktur kan erstattast med nye samhandlingsformer, brukarretting, samhandling mellom stat og kommune.

Det er semje om at NAV-leiarane er ansvarleg for å skrive sin del av kartleggingsrapporten, vi set ein frist på dette arbeidet til 01.09.18 i første omgang.

Til neste møte:

Erik kontaktar kommunikasjonsansvarleg i nye Ålesund kommune for å sjekke ut om kommunikasjonsplan og -kanalar. Viktig med god informasjon i prosessen.

Ørjan lagar utkast til disposisjon/mal for kartleggingsrapport. Ørjan avklarar om vi kan nytte marknadskoordinator Per Atle Sjøstad i høve innhenting av fakta knytt til rapporten.

Når vil det vere aktuelt å ha klart grunnlagsdokument til politisk handsaming? Viktig avklaring ifht styringsgruppa, få ei avklaring rundt den politiske prosessen og tidsfristar. (Kan vi sjekke den 06.06.18?). Det har betydning for fristane for når grunnlagsdokument og kartleggingsrapport skal stillast ferdig. Framdrift i prosjektet er knytt til dette, viktig for milepælane.

Mal for prosjektplan, utkast lagast av Ørjan

Referent: Ørjan Haram

